

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1053

## Stortings- og sametingsvalet 2017 - tidlegrøysting og førehandsrøysting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingvalet vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid. Torsdag 07.09.17 vert opningstida utvida til kl. 18.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 02.09.17, kl. 10.00 – kl. 14.00.

Tidlegrøysting til valet, i perioden 03.07. – 09.08. 17 vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid."

### Valstyret - 004/17

**VS - behandling:**  
**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VS - vedtak:**

"Førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingvalet vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid. Torsdag 07.09.17 vert opningstida utvida til kl. 18.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 02.09.17, kl. 10.00 – kl. 14.00.

Tidlegrøysting til valet, i perioden 03.07. – 09.08. 17 vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid."

**Saksopplysningar:**  
**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av førehandsrøystinga til stortings- og sametingsvalet

2017. Valstyret avgjer kvar førehandsrøystinga skal gå føre seg og kva opningstider ein skal ha. Oppnemning av røystemottakarar er teke opp i eiga sak.

Vallova seier i § 8-3 at røystinga skal gå føre seg i eigna lokale og hjå røystemottakar oppnemnd av valstyret. Førehandsrøystinga skal gå føre seg i tida 10. august til og må avsluttast fredag 08. september. I tillegg kan ein førehandsrøysta alt frå 03. juli også innanlands. Dette er meint som eit tilbod til veljarar som ikkje har høve til å røysta korkje ved den ordinære førehandsrøystinga eller på valdagen.

I forskrifta til vallova står det at førehandsrøystinga skal leggjast til lokale som er lett tilgjengelege og der alle veljarar kan ta seg inn utan å måtta be om hjelp. Andre lokale skal ikkje nyttast utan at det er særlege grunnar til det. Førearbeida til den nye lova føreset at det ikkje skal takast imot røyster i lokale med kommersielt preg, men i brev frå departementet av 14.04.11 vert tilgjenge og universell utforming vektlagt og kommunane vert oppfordra til å vera kreative ved val av røystelokale.

Ved tidlegare val har ordinær førehandsrøysting vore lagt til rådhuset av praktiske omsyn. Her har ein tilgang til datasystem, kan skriva ut valkort m.v. I tillegg vil ein ha personale til ei kvar tid som kan ta mot førehandsrøystene. I dei fleste kommunar vert førehandsrøystinga lagt til rådhuset, men kommunen står fritt til å halda førehandsrøysting på fleire stader.

I tillegg til ordinær førehandsrøysting skal kommunen leggja til rette for tidlegrøysting i perioden 01. juli til 09. august. Valstyret fastset kvar røystinga skal skje og opningstid. Alle veljarar kan i praksis be om å få røysta frå 03. juli. Dette skal normalt skje innanfor ordinær arbeidstid/opningstid. Dersom dette ikkje er mogeleg for veljaren, skal ein så langt det er rimeleg imøtekoma ynsket om eit anna tidspunkt.

Ved førre val vart det gjort slikt vedtak om røystelokale og opningstid for førehandsrøystinga:

*"Førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingvalet vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid. Torsdag 10.09.15 vert opningstida utvida til kl. 18.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 05.09.15, kl. 10.00 – kl. 14.00.*

*Tidlegrøysting til valet, i perioden 01.07. – 09.08. vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid."*

## **Vurdering**

Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i høve til tidlegare praksis for førehandsrøystinga.

Folkehelse - ikkje vurdert i saka  
Miljø - ikkje vurdert i saka  
Økonomi - ikkje vurdert i saka

**Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valstyret til vurdering og avgjerd.